



## **Til eining for skule**

Arkivnr 2013/60-1

### **Kommunalt rundskriv 1/13: Retningslinjer for foreldre drivne skuleturar**

Nissedalskulen er underlagt Opplæringslova med forskrifter når det gjeld skuleturar. Definisjonen på ein skuletur er at den anten blir arrangert av skulen sjølv eller at foreldre arrangerer tur for elevar innanfor dei 190 skuledagane i løpet av eitt skuleår. Dersom foreldre arrangerer turar for elevar i skulen sine feriar og på fridagar, blir det ikkje definert som skuletur. Blir det derimot arrangert tur innanfor dei 190 skuledagane, er det for ein skuletur å rekne.

I den augneblinken det blir arrangert ein skuletur, må gratisprinsippet kunne oppfyllest. Det rettslege grunnlaget for gratisprinsippet er lovfesta i Opplæringslova § 2-15:

*Elevane har rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldre dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskuleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.*

Lova slår fast at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vere gratis for elevane. Det betyr at korkje kommunen eller foreldre kan krevje betaling for undervisningsmateriell eller aktivitetar (faglege eller sosiale) som går føre seg i skoletida. Forbodet mot å krevje eigenbetaling gjeld all verksemd i samband med grunnskuleopplæringa, også aktivitetar som går føre seg utanfor den ordinære skoletida.

Når det gjeld foreldre drivne turar, kan ein ikkje krevje eigenandel av foreldre eller barn korkje i form av pengar eller dugnad, for at alle elevane skal få vere med på tur. Dette gjeld dersom ein skal reise i løpet av dei 190 skuledagane i eit skuleår. Alt må bli basert på frivillig innsats og ev. betaling.

For at rektor skal kunne gje elevar fri til å reise på tur, må ein kunne vise til at gratisprinsippet er oppfølgt; reise, overnatting, mat, aktivitetar og ev. anna må vere gratis for elevane. Dei foreldre som ber elevane fri, har bevisbyrda.

Ved alle skuleturar skal det ligge føre også eit reglement for turen.

Når foreldre skal arrangere klasse- eller skuletur, må foreldre til kvart barn søkje rektor om fri, kvar for seg.